

REFERAT

Frå telefonmøte i Landsr ådet for saueavl 17. august 2000

Møtestad: Telefonmøte

Deltakarar: Sigurd Krekke
Olav Tiller
Lars Erik Wallin
Tormod Ådnøy
Signe Dahl (observatør)
Ingeborg Nygaard (observatør)
Leiv Sigbjørn Eikje (observatør, sekretær)

John Olav Husabø og Rolf Aass hadde meldt forfall før møtet, og vararepresentant til Husabø, Finn Avdem, hadde heller ikkje moglegheit til å delta. Inger-Johanne Holme og Tone Maria Hanssen deltok heller ikkje.

Møtet starta kl.10.00 og vart avslutta ca. kl 12.30.

Sak 39/00 Godkjenning av innkalling og referat frå tidlegare møte.

Vedtak: Innkalling og referat frå forrige møte vart godkjent utan merknader.

Sak 40/00 Budsjettforslag for 2001

Budsjettforslag for 2001 vart lagt fram på møtet. Det vart gjort nokre endringar samanlikna med oppsatt forslag.

Vedtak: Landsr ådet sitt budsjettforslag for 2001 vart vedtatt, som vedlegg til referatet viser.

Sak 41/00 Bruk av budsjettmidler for resten av året 2000

I samband med vedtak om embryoimport, jmf sak 30/00, og svarbrev frå Geno og Institutt for husdyrfag om bistand til utviklingsarbeid, vart bruk av budsjettmidler for resten av året diskutert.

Vedtak: Budsjettmidler for resten av året 2000 må prioriterast til leige av hjelp i samband med gjennomføring av "Plan for revisjon av saueavlen – handlingsplan 2000."
Landsr ådet for saueavl vedtar å søkje om midler til import av embryo av islandsk spæl som eige prosjekt, der ein går inn for at denne importen skal finne stad til neste år.

Sak 42/00 Reglar for kjøtkåring

Sluttføringa av reglar for kjøtkåring vart drøfta.

Vedtak: Reglar for kjøtkåring vart vedtatt, som vedlegg til referatet viser.

Sak 43/00 Tidspunkt for neste møte i landsrådet

Neste møte i landsrådet vert lagt til opninga av seminastasjonen på Staur i midten av oktober.

Sak 44/00 Eventuelt

a) Det er komen brev frå Dovre pelsverering om dispensasjon for vidare drift då søyegrunnlaget nå er for lite.

Vedtak: Det vert gitt dispensasjon til drift av ringen i 2000/2001. Vidare drøfting omkring organiseringa av pelssauavlenn, og kriterier som skal liggje til grunn, vert utsatt til neste møte.

b) Det vart diskutert korleis ein skal gå fram med omsyn til bestilling og distribuering av mønstringssløyfer til kåring.

Vedtak: Avlskonsulenten får i oppdrag å skaffa til veie sløyfer som skal nyttast til kåring og finne ei praktisk løysing med omsyn på distribusjon. Utgifter skal dekkast av budsjettposten "tilskot til avkomsgransking"

c) Det er komen forespørsel om innsett av verlam av farga spel til semingransking.

Vedtak: Det vert ikkje gitt anledning til innsett av verlam av farga spel. Dersom ein ønskjer å sette inn farga verer til semin, som ikkje skal granskast, vert det opp til avlsutvalget i fylket å avgjera dette.

ref.

Leiv Sigbjørn Eikje